



Kjell Yri: Folkehelsearbeidet må styrkast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Venstre vil styrka folkehelsearbeidet i kommunen og gjera treningstilboda så gode og billege at mange fleire enn i dag byrjar å trena.

Dette er konklusjonen i ei fråsegn som ordførarkanidat Kjell Yri frå Uskedalen la fram under årsmøtet i partiet på AFA i kveld og som fekk sterk tilslutnad.

Etter forslag frå Steinar Haugan blir det foreslått at Kvinnherad skal bli ein pilotkommune på området.

Bjarne Lilleaas karakteriserte innspelet som fornuftig og ein 'utgift til inntekts ervervelse'. Dette er ein av dei største utfordringane som samfunnet vårt har, understreka han.

Det blir i uttala frå Yri peika på at levekåra i den vestlege verda har auka kraftig. Men den har ført til nye problem, som ein kallar livsstil-sjukdommar. Det fører til auka press på alt innanfor helsevesenet.

For å komma ut av den vonde sirkelen vil partiet arbeida for at fleire skal driva med fysisk aktivitet. Kommunen må oppmoda om

og belønna treningsstudioar, idrettslag, helselag og andre det høver for å leggja til rette for billige treningstilbod.

Ein må også utvikla vidare og laga fleire turveggar. Dei må i størst mogeleg grad kunna nyttast av rullestolbrukarar og barnevogntrillarar.

Yri peikar også på at dei eldre har stor trong for fysisk aktivitet. Om ein ikkje trenar minkar den opparbeidde muskelmassen gradvis når ein vert eldre. Då vert ein lettare ustø og det blir fallulukker med brotskader.

Parallellt må kommunen, når ein frisklivsentral er etablert, nå fram til dei mest utsette gruppene og informera om farane med feil kosthald, nikotin, alkohol med meire, heiter det i fråsegna.

Av Ola Matti Mathisen